

# Rønnaug Kleiva med fin ungdomsbok

Det er ei levande, nesten si-trande «inneskildring» av ei jente i puberteten **Rønnaug Kleiva** har skrive i år. Tittelen er «Plutseleg no» og utgivar er Det Noske Samlaget.

Det handlar om Mari, som er i ein alder då så mangt skjer og mykje forandar seg, ofte plutseleg. Ho går i åttande klasse, og har ikkje hatt så mange venninner som den eldre syster si. Men plutseleg har ho fått ei god venninne,

og finn seg snart som midtpunkt i gjengen som står saman i frikvartera og møtest ved kiosken om kveldane. I midten der er også Ruben. Ruben er som ein nougatsjokolade, og Mari elsker dei mjuke nougatane som smeltar i munnen.

Dette er også året då konfirmasjonen er aktuell. Skal ho, skal ho ikkje? Foreldra, særleg mora, planlegg oppussing og tenkjer ut menyar. Kva grunn har Mari for å vilje konfirmere seg? Festen, gåvene - trua på Jesus? Dei fleste gjer det same kva dei trur, så kvifor ikkje.... Med sitt knappe, klare, direkte språk får Rønnaug Kleiva fram så mykje av det karakteriske for



Rønnaug Kleiva.

denne alderen generelt, og for denne jenta spesielt. Det forte og vare, det tøffe, det usikre. Alt det usagde som er der, bak orda.